




SOLUNDAVISA

2022



SOLUND NÆRINGSBYGG 30 ÅR | 6



GALLERI BLINK | 18



SOLUND KARATEKLUBB | 14

SOLUNDPRISEN

KOM MED FORSLAG TIL PRISVINNER 2022!

Kven syns du burde få årets Solundpris? No kan du sende inn forslag på bedrifter eller personar som du synest har gjort ein ekstra innsats for det lokale næringslivet.

Solundprisen er oppretta av Solund kommune, Sparebanken Sogn og Fjordane avdeling Solund og Solund Næringsksamskipnad, og er ein kombinasjon av ein gjenstand og ein pengesum til ein verdi av 15.000 kr. Juryen er sett saman av ein representant frå kvar av dei partane og prisen vert vanlegvis delt ut kvart år på Solunddagane i slutten av august. Årets vinner vert offentleggjort og heidra på Sounddagen 20. august.

Føremålet med prisen er å gje honnør til verksemder, institusjonar eller einskild personar som siste året, eller over lengre tid, har gjort ein ekstra innsats for å utvikle næringslivet i Solund, enten gjennom eiga verksemd og/eller ved å legge tilhøva til rette for andre.

Juryen skal ved val av prisvinnar gje ei grunngjeving for valet. Minst eitt av følgjande kriterier skal inngå i vurderinga.

Prisvinnaren må ha:

- Vist særskilt evne til nyskaping
- Vist særskilt evne til utvikling av eksisterande verksemd
- Vist særskilt evne til å ta i bruk ny teknologi
- Vis særskilt evne til å nytte lokale ressursar og lokale føremoner
- Vist særskilt evne til positiv utvikling av lokalsamfunnet
- Vist særskilt evne til å skape arbeidsplasser til kvinner og ungdom
- Små prosjekt er like bra som store

Kom med forslag til prisvinnar. Send inn ditt forslag med grunn- gjeving til Solund kommune enten på e-post eller i posten. Merk e-post/ brev med «Solundprisen 2022». Alle innspel vert handsama konfidensielt.

E-post:

anne.kristine.dyrdal@solund.kommune.no

Postadresse:

Solund kommune, Hardbakke 26, 6924 HARDBAKKE

Forslagsgjevar:

Frist for innsending av forslag er 20.07.2022.

Heidi Sanden vil takke for Solundprisen som ho blei tildelt i 2021.

Takk for Solundprisen 2021! Det var stas å bli tildelt Solundprisen 2021. Tusen takk for alle gratulasjonar og merksemda det medførte. Kjekt å bli satt pris på – sjølv om eg vart noko brydd.... Eg er heldig som bur og arbeider i ein så flott kommune som Solund. Me på Øybygg har trivelege kundar, gode kollegaer og god trivsel på senteret, slik at det alltid er kjekt å gå på jobb. Det er kundane våre som har skapt butikken med det rikhaldige vareutvalet. Folk er flinke til å handle lokalt og det set me stor pris på. Ein ser at både fastbuande og tilreisande verdset det å ha eit slikt tilbud i kommunen. Eg er glad for at Sigurd, Bjørg, Kjell og Atle tok sjansen på å tilsette ein 19 åring i si tid, og eg er glad for at eg fann roen og vart buande i Solund. Angrar heller ikkje på at eg tok valet med å kjøpe meg inn i verksemda for nokre år sidan. Øybygg AS er no blitt medlem av byggevarekjeda BYGGFAG, noko me håper blir eit godt samarbeid både for oss og vil komme kundane våre tilgode. Så tusen takk for prisen – det motiverer for vidare satsing.

**Beste helsing
Heidi Sanden
dagleg leiar hjå Øybygg AS**

Årstall Vinnarar

2000	Båtsmia v/Færøy og Myhr
2001	Øybygg AS
2002	Little Færøy Kystkulturlag
2003	Sonja og Birger Hjønnevåg
2004	Sulefisk AS
2005	Snella Kystsaua DA
2006	Torbjørn og Inger Nessen
2007	Einar Bontveit
2008	Nord Solund Fiskeriselskap AS
2009	Vidar Hop
2010	Otto og Laila Einen
2011	Solund Verft AS
2012	Rolf Eide
2013	Lending Rederi AS
2014	Hallstein og Doris Steinsund
2015	Kari og Hans I. Steinsund
2016	Lambrechts Eftf A/S Nåra
2017	Nina Bauge og Tom Erling Bahus
2018	Selstad as avd. Solund
2019	Solundmat AS
2020	Lågøy Slip AS
2021	Heidi Sanden

Helsing frå ordføraren

Etter ei tid med restriksjonar og nedstenging er det kjekt å kunne sjå fram til «vanlege» Solunddagar igjen. Dagar der ein kan møtast, dele erfaring og idear eller rett og slett berre bli kjende og ha det kjekt! Og det er flott å kunne synleggjere kva som rører seg i kommunen, både innan næringsliv, lag- og organisasjonar og i kommunal regi.

Dei siste åra har vore krevjande for både innbyggjarar og næringsliv. Og det er heller ikkje til å kome forbi at den usikre situasjonen i Europa også har påverka lokale verksemder. Likevel har ein stått på, og eg er imponert over innsatsen mange har vist for å klare seg gjennom vanskelege tider, anten det er i privat eller offentleg sektor.

Ein nyleg vedteken samfunnssdel og arealdel gjev rammer for vidare utvikling av kommunen. Det har vore krevjande å få gjennomslag for ein plan i eit område som ikkje samsvarar med det som ligg til grunn for nasjonale retningslinjer. Men i den nye planen vil det likevel vere rom for mange gode tiltak som kan bidra til utvikling av kommunen.

Endeleg kan vi snart sjå dei første spadetaka på vegen til den nye brusambandet over Ytre Steinsund. Prosjektperioden vil medføre mykje aktivitet i Solund, og forhåpentlegvis også tilføre lokale verksemder inntekter. Det ligg også føre konkrete planar for ekspressbåtstopp på Hardbakke som ein no arbeider vidare med. Realisering av desse prosjekta vil kunne betre kommunikasjonane både internt og inn/ut av kommunen.

Det er mange som ventar på oppstart av nytt skulebygg. Krigen i Ukraina, saman med kostnadsauke på råvarer og straum, har gjort at prisar på byggevarer har auka vesentleg. Dette har gjort at den planlagde oppstarten har vorte utsett, men prosjektet skal no ut på anbod, og kommunestyret får saka til handsaming i september.

Solund kan ikkje konkurrere med andre kommunar når det gjeld gul midstripe eller store kjøpesenter, men kommunen har mange andre kvalitetar. Saman med idrettslag og lokale næringsverksemder, har ein fått på plass eit flott anlegg for idrett og friluftsaktivitetar. Det nye idrettshuset i Solund idrettspark inneholder Solund treningscenter og etterlengta garderobebeanlegg og har med si særegne utforming blitt eit flott bygg og ein viktig møteplass for innbyggjarar i alle aldrar.

I løpet av året vil også 5 nye basestasjonar stå klare for å dekke stort sett det som står att av manglande mobildekning i kommunen. Og kommunen har også fått 5 mill til fiberløysingar

for mange av dei stadene som i dag fell utanom eksisterande område. Denne infrastrukturen vil gjere det lettare å kunne bu og arbeide stort sett frå alle kantar av Solund.

Alle desse prosjekta er viktige for framtida til Solund, men like viktig er alt som skjer kvar dag rundt i heile kommunen. Det er dette som er livet og limet i lokalsamfunnet vårt. All den frivillige innsatsen, måten ein løyser oppgåvene på eller måten ein samarbeider på. Eg vil gje ros til alle som gjennom sitt frivillige arbeid, naboskap eller på arbeidsplassen bidreg til dei gode møteplassane. Desse er vi heilt avhengige av for at folk skal trivast og velje å bu i Solund.

Etter denne tida med mindre kontakt enn før, ser me no framover og skal bruke tida godt! Solunddagane er i så måte eit viktig bidrag!

Til lukke med arrangementet!



Gunn Åmdal Mongstad
Ordførar Solund kommune

YNSKJER DU Å DELTA PÅ SOLUNDDAGANE PÅ HARDBAKKE MED STAND?

Det er 24. året Solunddagane går av stabelen, og i år vert dagane arrangert den 19. - 21. august.



Laurdag 20. vert det marknad ved Solund Grendahus kl. 12.00 -15.00. Dersom du vil delta med stand på marknaden kan du melde deg til: irene.vaulen@solund.kommune.no eller tlf. 412 43 087.

Programmet så langt:

Fredag 19.:

Opning av kunstutstilling på Galleri

Blink . Kunstnarar: Marta Nerhus, Gry Buer og Lars Tveit

Gratis konsert på Eide ved Sulefisk sitt landanlegg med Alice Hugøy

Laurdag 20.:

Marknad ved Grendahuset

Konsert ved Grendahuset med Daniel Kvammen

SOLUND NÆRINGSSAMSKIPNAD

Hvis man bare vil det nok, kan man få til det umulige.

Det er bevist.

Med kompetanse fra alle verdens hjørner og lokale kontorer i hele Norge har vi hjulpet bedrifter som vil litt mer til nye høyder. Hvem vet, kanskje får noen av dem til det umulige?

PwC. Vil litt mer.

Ta kontakt med våre kontor:

Førde: Jan Flølo, tlf: 952 61 321
Kjetil Myrland, tlf: 952 61 314

Sogndal: Harald Mo, tlf: 952 61 340

Florø/Måloøy: Jan Ove Helle, tlf: 952 61 333

Stryn: Ingvill Flo, tlf: 952 61 355



La oss lære av hverandre

Helge Landøy,
Landey Fiskeoppdrett AS

Vi liker å prate med folk, og er opptatt av å lære av våre kollegaer i oppdrettsbransjen. Mange tiårs samarbeid med våre partnere i næringen og kunder over hele verden har gitt oss kunnskap som andre kan ha nytte av. Vi vil være med på å utvikle kompetansen til alle som jobber med oppdrett, salg og videreførelsing av laks og ørret.

Prat med oss på telefon 57 75 00 00, kom innom Flugeskjært, 8 i Florø, eller besøk oss på www.norwell.no
Your source of seafood value



SOLUNDAGEN 20. AUGUST KL. 18.00 VED SOLUND GRENDAHUS

BILETTAR: TICKETMASTER.NO

DANIEL KVAMMEN



Daniel ga ut sitt fjerde album "Guta som gret" i haust, ei skive som leverte ikkje mindre enn seks radiosinglar og draumesamarbeid med både Gabrielle og Aslag Haugen frå Hellbillies. 25. mars kom deluxe versjon av albumet med fleire nye låtar, blant andre samarbeidet med Amanda Bergman - ein artist

som står veldig høgt for Daniel, som i same periode også var TV-aktuell som deltakar i TV2s Kompani Lauritzen. Artisten har sjølv uttalt at hans nye låt i høgste grad gjenspeila tida i Kompaniet. Kvammen har spelt konserter på alt frå landets største festivalar til en mykje omtalt hytte-turné på

Hardangervidda. Frå Gaustadtoppen til Rockefeller. Ulike format, men alltid det same nærværet til eit stadig voksande publikum. Kvammens låtar har vist seg like sterke, enten dei vert framført med fullt band, som nedstrippa triovariant eller framført av den folkekjære artisten åleine.

SKAFFERIET mat & drikke

KREATIVT I HAVGAPET

Hos oss får du smakfulle retter av kjøtt, fisk og andre råvarer fra Solund sin natur.

Vårt kjøkken er regionalt, men inspirert av Middelhavet.

TELEFON: 976 97 732 · 6924 HARDBAKKE
WWW.SKAFFERIETMATOGDRIKKE.NO

SOLUND LEILEGHEITSHOTELL WWW.SOLUND.COM



TELEFON: +47 911 89 822 / 950 67 363 · 6924 HARDBAKKE
E-MAIL: POST@SOLUND.COM

SOLUND NÆRINGSBYGG 30 ÅR



Solund Næringsbygg feirar 30 år i november. Bygget er i dag like viktig som ved oppstarten for 30 år sidan og dette jubileet vil vi markere denne hausten. Det har vore mange ulik leidgetakrar innom i løpet av desse åra, og som har bidrege til mange arbeidsplassar. Nokon av dei er framleis leidgetakrar, og har gitt bygget eit stabilt og solid grunnlag, og bidrege til at bygget fortsatt er ei av livsnervene i kommunen. Namnet skjemmer ingen, men av og til trengs det ei fornying. Solund Næringsbygg er no blitt til Hardbakke Senter.

Frå ide til realisering

I mars 1988 vart næringslivet i Solund invitert til eit møte der agendaen var mellom anna korleis ein kunne styrke sentrum av kommunen. På møtet vart ein einige om at eit næringsbygg, som kunne samle servicenæringer og offentlege kontor, ville være ei løysing. Kommunen stod allereie som eigar av tomta og Solund Næringsbygg AS vart skipa. Solund kommune gjekk inn med halvparten av aksjekapitalen, medan ei rekke næringsdrivande i Solund stod for resten. Det vart mange rundar med Distriktenes utbyggingsfond og Fylkeskommunen, som det heitte den gongen. Ved hjelp av investorarar og lån fekk ein finansieringa på plass, og bygget kunne realiserast. I november 1992 stod Solund Næringsbygg ferdig, etter ein lang prosess med mykje arbeid og ein god porsjon tolmod.

Lokal eigarskap

Senteret var i starten finansiert av investorar som utgjorde Solund Næringsbygg ANS der Solund Næringsbygg AS var ein av deltakarane. Etter 15 års drift var avtalen å føre bygget attende til lokal eigarskap. Kjøpet vart gjennomført av Solund Næringsbygg AS der Solund kommune er hovud aksjonær. Resten av aksjane er fordelt på næringsdrivande og private tilhøyrande i kommunen og nærmiljøet.

Store endringar

Det er mykje som har endra seg frå opning av senteret til i dag. Butikkar og kontor har vorte avvikla og nye har kome til. Då bygget vart opna for 30 år sidan, var det statlege kontor med langsigktige kontraktar som danna grunnlag for at bygget kunne realiserast med sikre inntekter i lang tid framover. Slik vart det ikkje då postkontor, trygdekontor, likningskontor, fiskeri- og landbrukskontor og lensmannskontor etter tur vart flytta ut. Nye leidgetakrar og tenester har komme til, vegger og dører har vorte flytta på etter behov, og i dag er det omlag 35 personar som har arbeidsplassen sin her.

Bygget treng og, etter så mange år, ein del vedlikehald. Taket på hovudbygget vart skifta ut i 2019, og brannvarslingsanlegget vart oppdatert i 2021. No er det nytt ventilasjonsanlegg som står for tur.

I 2012 kjøpte Mami Eigedom/Solund Center opp butikkdelen til Spar, og i 2021 har dei hatt ei stor utbygging og opp gradering av butikken. Det er og bygd nytt, stort lager til Øybygg. Dette viser at



næringslivet ser lyst på framtida til Hardbakke Senter, og at innbygjarane, feriegjester og turistar set pris på tilboda som er her.

I framtida blir det Hardbakke Senter

Solund har vorte eit populært turistmål, men tilbakemeldingar er at ukjende i Solund misforstår at næringsbygget er eit senter med fleire butikkar. Eigarane vedtok difor i generalforsamling i 2021 at bygget skulle skifte namn til Hardbakke Senter for å betre kommunisere dette ut. Selskapet vil framleis være Solund Næringsbygg AS. I skrivande stund held ein på med å få nytt skilt på plass, men før det er det vasking og maling, og til det venter ein på godværet.

Alle slike bygg skal ha ei senterforening. Den består av dei næringdrivande, men det fritt for at kontora også kan vere med der. Senterforeninga står for mykje av aktivitetane som skjer på bygget, gjerne i samarbeid med lag og organisasjonar. Det er den som står for mellom anna påske- og julequiz, julegratting og marknadsdagar. Det siste den har sett i gang er ein bruktbutikk i Vrimlerommet der folk kan sjølv selje brukte klede. Dette er med å skapar trivsel både for dei som jobbar der og publikum.

Då bygget sto ferdig for 30 år sidan var det ei stor hending. Det å samle fleire ulike funksjonar på ein stad gav ei styrke for heile kommunen, og i dag kan ein vel ikkje sjå føre seg korleis Solund hadde vore utan bygget. Det er like viktig for både sentrumsnære bebuarar og for dei med litt lengre reiseveg. Hardbakke Senter er ein viktig møtestad, og det vonar vi senteret også vil vere i framtida.

Besök gjerne
havbrukspartner.no
 eller facebooksida vår
[@havbrukspartner](https://www.facebook.com/havbrukspartner)


HAVBRUKSPARTNER AS
 Telefon: 902 88 064
 E-post: post@havbrukspartner.no
 Kontoradresse: Thorlehagensgate 53C, 5006 Bergen
 Postadresse: Grimstadvegen 115, 5252 Søredgrend

SOLUND VERFT HAR SIGNERT AVTALE MED HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

Solund Verft har signert avtale med Havforskningsinstituttet om bygging av ein ny heilelektrisk annleggsbåt til bruk ved det nye sjøanlegget ved deira forskningsstasjon i Austevoll. Båten skal leveres innan mai 2023.

Den nye båten blir båt nummer 14 for Solund Verft, tredje båten med dette designet. Båten vil vere 10 meter lang, og 8 meter brei. Den vil leveres med elektrisk framdriftsmotor på 100kW. Batteripakken, som blir levert av Austevoll Elektro AS er på 192 kWt.

Fartøyet er designa av Maritime Engineering i samarbeid med Verftet.



**STEINSUND
ENTREPRENØR AS**

www.steinsundentreprenor.no

952 33 647



Utfører Graving - Boring - Sprængning - Transport

Steinsund Marinesenter AS

For eit avslappende opphold i våre
ferieleiligheter:

Ring 97 57 51 17





I en samtale Skipsrevyen hadde med Helge Norheim i Vesterhav AS, fikk vi følgende forklaring på at de hadde benyttet Solund Verft til oppdraget med M/S «Vesterhav»: «Fornøyde kunder kommer alltid igjen. Vi hadde tidligere benyttet Solund Verft til reparasjonsarbeider, og de var gode på reparasjoner, de har vist seg gode på nybygg. De var også best på pris.

Det at båten utstyres inne i en tett hall, gir etter vår mening et bedre sluttprodukt, og var også en del av vurderingsgrunnlaget.»

Vi har fått en «kjempebåt»!

- Ny stor hall på land – båtlengder 65 meter og 25 meter fri høgde – totalt krankapasitet 64 tonn
- Dokk (Syncrolift heleverk) 56x15 m, djupne max 6 m
- Løftekapasitet 1.000 tonn
- Max skipslengde: 75 m
- Oppstillingsplass for flere båter på land
- 2 horisontale bedninger/oppstillingsplasser på 80 l m hver
- Skipshall 60x15 m, med porthøgde 14 m, breidde 11 m, traverskran 15 tonn
- Maskinverkstad. Traverkran 5 tonn
- Kaianlegg. 3 stk kaier – totalt 200 l m kai
- Mobilkran 30 tonn
- Tårnkran 2,5 tonn – 50 m



NYBYGG • UTRUSTNING • OMBYGGINGAR • REPARASJON • VEDLIKEHALD



Foto: Harald Valderhaug

LAUSDRIFTSFJØSET I STEINSUND



Garden i Steinsund vert i dag drive av Hans og Kari Steinsund, sonen Ingemund Steinsund og sambuar Gunn Marit Fosseidal.

I 2015 investerte Hans og Ingemund Steinsund stort i eit nytt og moderne lausdriftsfjøs for mjølkeproduksjon. 7 år seinare har dei omlag 60 storfe med ein melkeproduksjon på ca. 180 000 liter per år, og slaktleveranse på 5 tonn kjøt per år.

Åra har gått fort sidan oppstart av lausdrifta i 2015, seier Ingemund Steinsund.

Det har gått ein del tid på å lære seg bruken av utstyret. Det vil sei innstillingar, bruk og eventuelle feilsøkingar ved alarmar.

Heldigvis har vi ein god serviceavtale med Delaval, seier Ingemund. Her har dei 24 timars fjernsupport om noko skjer. Som oftast kan problema løysast over telefon, ved andre behov rykker dei ut og assistera. Utstyret vi brukar er veldig stabilt, så det er som oftast planlagt service ved besøk.

Garden i Steinsund har vore i familien i fleire generasjoner. Det er framleis

Hans og Kari som driv gardsdrifta, men generasjonen under har også oppgåver knytt til den. Ingemund jobbar offshore, men hjelper til med fjøsstell, vedlikehaldsrutinar og slåttearbeit i den perioden det trengs. Gunn Marit jobbar i Havtal, men har blant anna ansvar for dataoppfølging, rapportering og rekneskaper, og sonen til Ingemund og Gunn Marit, Johannes hjelpe til med blant anna data og føring.

I tillegg hjelper også nabo og søskensbarn, Alexander Steinsund til. Han har god kjennskap til mjølkeroboten og føringssystemet, og stiller som avløyser ved behov.



Automatisering er komen for å bli

Hans og Ingemund angra ikkje på at dei satsa på moderne gardsbruk i 2015. Med robotmjølking kan dyra gå fritt, ete rasjonen sin med kraftfôr, kose seg med klökosten, kvile, eller bli mjølka om dei vil det.

Ja, for dyra har tilgang til å bli mjølka ca. kvar 7 time. Kyrene styrast gjennom data, og vert registrert på øyremerket når dei går inn i roboten. Der kan dei gå fritt heile tida, men må ha 7 timer venting før dei får «grønt lys» for mjølking igjen. Elles får kyra ein liten kraftfôr-rasjon før dei blir frie i fjøsen igjen. Den som tek fjøsstellet stiller dermed friare ved robotmjølking. Men det er sjølv sagt mykje jobb med tilsyn og stell uansett, seier Ingemund.

I 2015 vart det bygd ny fjøs tilpassa den nye drifta. I seinare tid har Hans og Ingemund oppgradert den gamle fjøsen med ny innreiling. Der har dei laga nye bingar til små kalvar frå 0-6 månader. Desse har fått føringssystemet som forer dei nyfødde kalvane frå dag 5 til 75.

Kalvane går då på ein automatiske føringstabell som trappar opp og ned på føringa for kvart dyr. Tilgangen regulerast frå ein chip i øyremerke. Dyra får dermed stabil føring gjennom heile oppveksten.

Kari har fôra kalvar i 40 år. Gjennom denne automaten har ho fått oppleve ei ny tid på området. Automaten er kopla opp mot data og fjernsupport med logger og dagleg rapportar. Dette er i tråd med dei nye krava som kjem.

Drifta går effektivt og greit i dag.

Familien Steinsund har planar om å halde fram med lausdriftsfjøsa så lenge det er gode framtidsutsikter for bøndene.

Vi produsera åleine det dobbelte av Solund si befolkning sin bruk av mjølkeprodukter, og har ein god del kjøtteleveranse. Vi syntes det er viktig å vere med å bidra til mjølk- og kjøttproduksjon i vår region.

NYTT TRENINGSSENTER


PÅ HARDBAKKE!

Etter mange års planlegging og 1 år med byggeaktivitet er det flotte idrettshuset vårt i Solund idrettspark snart klart for opning! Huset har etter forslag frå Solund ungdomsråd fått namnet Solund treningscenter.

I huset finn ein eit 100 kvm trimrom med topp moderne treningsutstyr. Ved sidan av trimrommet er det varmestove med kjøken og sittegruppe. Bygget er også utstyrt med dame- og herregarderobe inkludert eigen trenargarderobe. Utvendig er det tribune og toalett som alltid vil vere opent. Greitt å vete for turgåarar og andre som brukar idrettsparken. Det er Solund kommune som eig bygget og vil drifte det. Solund Idrettslag har vore ein viktig samarbeidspartner og pådrivar som har vore med å samla inn pengar til huset. Til saman har dei gitt kr. 1,15 mill. kr. til bygget og 0,55 mill. kr. til treningsutstyr. Pengane er hovudsakleg samla inn frå lokalt næringsliv.

Når huset vert opna vil ein etter kvart avvikle det gamle treningsrommet til Solund Idrettslag i Idrettsbygget. Det nye treningscenteret vil bli drifta av Solund kommune og det vert ei treningsavgift for å bruke treningscenteret. Kostnadar og detaljar for bruk av treningscenteret er i skrivande stund ikkje avklart.

Det er arkitekt Bjørn-Are Vollstad som har teikna bygget og Ryland Bygg har stått for oppføringa. Huset har formasjon inspirert av fjellandskapet i Solund og styrehuset på ei fiskeskøyte. Bygget var klart så og sei til 1. mai 2022 slik som planlagt, men brannsystemet frå Romania vart forseinka og gjorde at ein ikkje kunne opne huset som tenkt. Det er framleis noko usikker på kor tid ein får opna Solund treningscenter, men det vert jobba med løysingar, slik at ein skal få opna bygget så snart som mogleg! I sommar får ein bruke fjella, Solund Idrettspark og resten av naturen i Solund til å halde seg i form, men til hausten skal det bli fint å kome inn og få så flotte treningsfasilitetar! Det er berre å glede seg!






havtal

ASKVOLL – SOLUND – MONGSTAD

post@havtal.no
577 86 000
www.havtal.no



•VINTERLAGRING • MOTORSERVICE •
NYKONSTRUKSJON • VEDLIKEHALD • MARINA •

MARINE MULTISERVICE AS - MARINEMULTISERVICE.NO - TLF: 941 74 633 - MAIL: POST@MARINEMULTISERVICE.NO

SOLUND KARATEKLUBB



Solund Karateklubb starta i januar 2021. Sidan den tid har klubben 30 medlemer og har delteke på nasjonale karatesamlingar.

Hovudinstruktør i klubben, Thomas Frøyen, har sin bakgrunn frå Nordås Karateklubb, og har svart belte, 2.dan JKA. I januar 2021, medan Karate Kid sin

spin-off serie, Cobra Kai, gjekk som ein farsott på Netflix, fekk han spørsmål frå nokre gutar på mellomtrinnet om han ville trenere dei i karate. Dette viste seg å vere positivt, så i februar 2021 opna dei opp for at alle frå 1.-10. klasse kunne vere med.

I mars 2021 vart Solund Karateklubb stifta, og i juni same år gjennomførte karateklubben sin aller første gradering.

Her graderte 11 utøvarar seg i alderen 7-35 år. I etterkant har fleire medlemer kome til, og i dag tel klubben 30 medlemer, både vaksne og born.

Solund Karateklubb er medlem av JKA Norway, og trener stilarten Shotokan, som er verdas mest utbreidde stilart innan karate. Stilarten har fokus på disiplin, uthaldenheit, og respekt for andre.

Karate gjer born, unge og vaksne moglegheit til å lære seg sjølvforsvar. Den gjer styrke, kondisjon og hurtigheit. I tillegg er karate individuelt tilpassa og ein har moglegheit til å utvikle seg sjølv i eige tempo. Difor er karate for alle, uansett alder og fysikk.

Klubben har allereie ved fleire høve vore representert på kartaecupar i Bergen, og nasjonale karatesamlingar. Fleire av medlemmane har hausta både gull, sølv og bronse i sine respektive klassar.

Klubben trener kvar søndag i idrettsbygget på Hardbakke. Torsdagar er det ekstratrening for dei eldste ungdomane, ein trening som vert leia av Endre Natvik. Opp tak av nye medlemer skjer i august og januar kvart år. Ta kontakt med oss om du vil vere med. Informasjon finn du på solund.foreningsportal.no

Thomas Frøyen, Solund Karateklubb



KVA ER EIGENTLEG ENØK?

ENØK er ei fellesnemning for alle tiltak og elektriske installasjonar som gir deg mest mogleg energi for pengane. Å vere bevisst på kva som er energiøkonomisk, gir ei positiv effekt på både miljø og lommebok.

Bruk energi når du faktisk treng det

Bruk energi berre når du faktisk treng det. Det er heilt naturleg, spesielt i dei kalde månadane, at mykje av straumforbruket går til oppvarming. Det vil sei at det er her det er mest å hente.

Sjølv om huset eller hytta di ikkje nødvendigvis er eit smarthus, finns det ulike smarte løysingar som kan kutte unødvendig straumforbruk. I større grad enn før er det no enklare å styre når du skal bruke straum, og kor mykje du skal bruke. Samstundes er det enklare å halde oversikt. Litt større bevisstheit rundt straumforbruket ditt kan med andre ord gi kutt i straumrekninga.

Med smart straumstyring kan du regulere både lys og varme i heile bustaden frå godstolen, eller via mobilen medan du framleis er på jobb. Du kan sette opp program slik at lyset automatisk vert skrudd av og varmen vert senka når bustaden står tom. Du kan også sørge for at elbilen vert lada, og at varmekablane og vatnet i varmtvasstanken vert varma opp når straumprisen er låg.

Elektrisk oppvarming fungerer særskilt godt i kombinasjon med slike styrings-system, sidan elektriske varmekjelder er raske å styre og enkle å regulere. Ved å senke temperaturen dag og natt kan ein gjennomsnittleg bustad spare inntil 30 prosent av kostnadane til oppvarming.

Kjøp ei varmepumpe

For ein typisk norsk bustad kan ei rett dimensjonert varmepumpe dekke 60 prosent av oppvarmings-behovet. Då det meste av straumen me brukar går til



oppvarming, vil dette føre til at ein sparar fleire tusen kroner kvart år. Det er difor ei smart langtidsinvestering å erstatte panelomnane med ei varmepumpe. Det er ei utgift der og då, men du sparar inn pengane i løpet av vesentleg færre sesongar enn varmepumpa si levetid.

Moderne el-produkt og LED-pærer er straum gjerrige

Dersom ein konsekvent nyttar straumgjerrige produkt, vil du spare mykje pengar over tid. Sjå etter kvitevarer og andre el-produkt merka med A+ eller betre. Moderne LED-pærer brukar 'og' vesentleg mindre straum enn gamle glødepærer.

Produser din eigen straum med solceller

Veit du at solceller er veldig effektive i det norske klimaet? Solceller produserer straum sjølv om det er kaldt, og i løpet av dei siste åra har teknologien utvikla seg med stormskritt. No kan ein enkelt få installert solcellepanel på taket, og når dei fyrst er på plass, trengs det veldig lite vedlikehald.

Ved å produsere deler av straumforbruket ditt sjølv kan du senke straumkostnadane betrakteleg, og om du produserer meir enn du nyttar, kan du til og med selje overskotet til straumselskapet.

Meir støtte frå Enova

Frå 1. februar 2022 auka Enova støtta til private hushaldningar som ynskjer å satse på smart straumstyring og solcellepanel. Du kan blant anna søke om inntil 10.000 kroner til system for smart straumstyring, inntil 47.500 kroner for solcelleanlegg, inntil 5.000 kroner for smart varmtvasstank og inntil 40.000 kroner til vassboren varme.

Kontakt oss på HAFS Elektro & Rør AS, så hjelper me deg å finne den beste ENØK løysinga for ditt hus eller di hytte. Du treff oss på post@hafs-elektr.no eller 57788900

HAES

elektro & rør

Dine lokale fagfolk



HAES
elektro & rør

Tlf: 57 78 89 00 / post@hafs-elektro.no



HAES

elektro & rør



SATSAR PÅ LÆRLINGAR!

I SAMARBEID MED:



nelfo
SGN OG FJORDANE

OFEL – Opplæringskontoret for
elektrofag i Sogn og Fjordane



Opplæringskontoret for Bygg- og Anleggsteknikk
WWW.BYGGOPP.NO

GALLERI BLINK

Solund Kunstlag arrangerar salsutstilling 19. august - 4. september 2022 i lokala til Solund Skyttarlag på Hardbakke. Utstillarar er Gry Buer, Lars Tveit og Marta Nerhus.



Gry Buer

Gry Buer bur og jobbar i Solund. Ho jobbar med biletar i ulike teknikkar, som måleri, trykk og foto. Gry har atelier på

Hardbakke og har jobba som kunstnar i tillegg til stillinga som kulturskulerektor. Ho har utdanning frå Kunsthøgskulen i Bergen

med hovudfag illustrasjon og grafisk design. Gry er grynder og prosjektleiar for Alt lys på Solund og Solund lyskunstfestival.

Lars Tveit er frå Bergen og er kanskje mest kjend for mange for dei spesielle «naust-bileta» sine, men har også andre tema han er oppteken av. Lars har utdanning som ingeniør, og industrielle motiv er også eit av temaene han bruker. Lars stille ut bilete i Galleri Blink i 2012 og vi ser fram til at han kjem tilbake. Han stiller ut måleri og trykk.



Lars Tveit



Marta Nerhus

Marta Nerhus har streng og metalltråd som hovudmateriale. Ho strikkar metervare av metalltråd for så å modellere skulpturar, sy bilete eller lage andre installasjonar av dette. Nerhus har hatt statens kunstnarstipend sidan 2014 og har verkstad på USF Verftet i Bergen.

Alle er velkomne til utstillingopning fredag 19.august kl. 18.00. Sjå plakat for meir detaljerte opningstider.

Helsing styret i Solund Kunstlag.

LOSNASPELET ER TILBAKE!



Losnaspelet 2012 med Bakkejekta og Sognefjorden som kulisse. Med eit stort følgje og fengande sekkepipemusikk kjem Riddaren (Helge Jordal) på besøk til det gamle adelssetet på Losna.

Ei reise til Losnaspelet 2022 er ikkje berre ei reise til eit flott utespel med kulisser frå mektige Lifjellet og verdas mest kjende fjord, Sognefjorden. Det er også ei temareise der du møter høgadel frå 1300-talet, kvernsteinindustri frå vikingtida, kystkultur frå 1900-talet og eit gjensyn med gamle Dampen etter 50 års fråvere.

Du kan vere med tilbake til den tida det var telegrafstasjon, skule, butikk, post, dampskipsekpedisjon, båtbyggeri og seterdrift på øya. Du kan kjøpe kunst i fjøsgalleriet, oppleve friluftsgudsteneste på Kirkjeneset med nesten 360 graders panoramautsikt, og du kan vandre i fantastiske Kvernberget med tydelege spor etter kvernsteinhogging. For mange er også tursti-nettet på Losna ei fin opplevelse. Og ikkje minst kan du slappe av med god heimelaga mat og godt lokalprodusert drikke i fjøsbaren med musikk og god stemning.

Med veteranbåten Granvin (Dampen) blir du tatt med til Ivar Medaas sitt rike, trubaduren som gjorde Dampen kjend over heile landet. Du blir losa gjennom ei å reise på kysten slik den

var på 50- og 60-talet, det blir ein tur innom mellomalderen og Gulatinget på Flolid før båten legg til kai på Losnegard med musikk og allsong. Men springing med tresko blir det neppe denne gongen.

Losnaspelet er bygd opp på dugnad og optimisme. På det første spelet i 1998 var alt på dugnad, frå manusskriving til lefsebaking. Seinare har det vorte meir profesjonalisert med støtte frå offentlege og private aktørar. Men framleis er dugnadsinnsatsen bærebjelken i arrangementet. Å jobbe med Losnaspelet er på mange måtar å jobbe mot naturkrefte, me er langt frå det meste og logistikken er ei utfordring. Men gleda over å skape noko og få til høgverdige kulturopplevingar på ein slik plass, det har alltid vore drivkrafta. Og som ein journalist skreiv etter spelet i 2012: Med pågangsmot og optimisme går det meste!

Meir info om Losnaspelet 2022 finn du på losnaspelet.no
Velkommen til Losnaspelet, **9. og 10. juli 2022!**

Kåre M Losnegard



Claus Sellevoll har hovudrolla som Riddar Eindride i Losnaspelet 2022.



Hjå oss får du alt du treng - gjort enkelt

TRELAST • BYGGEVARER • MALING • JERNVARE • VERKTØY •
DYREFØR • FISKEUTSTYR • HAGE OG MILJØ • KJØKKENUTSTYR •
LEIKAR • INTERIØR • GÅVEARTIKLAR • FRITIDSUTSTYR

904 00 960

oybygg1694

hardbakke@byggi.no

Øybygg AS

www.byggi.no

Det me ikkje har på lager, kan me som regel skaffe

Takk for at du handlar lokalt

BYGGI HARDBAKKE

FJORDANE FRILUFTSRÅD

HAR NYTT KONTOR PÅ SOLUND BRYGGE



Fjordane Friluftsråd stifta i 2017 har kommunane Solund, Askvoll, Kinn, Bremanger, Stad og Stryn som medlemer. Solund er vertskommunen til Friluftsrådet. Vi hjelper kommunane og arbeider med å legge til rette for friluftsliv med fleire prosjekt både med strand og kystrenovasjon både profesjonelt og ved å engasjere frivillige lag og organisasjoner i arbeidet, involvere skular, bedrifter og vi held friluftsskular.

På Solund Brygge har Fjordane Friluftsråd sitt hovedkontor og base med ein fantastisk plassering ved kaianlegg på indre hamn Hardbakke. Her møter 7-8 personar opp dagleg av totalt 10 (2 i Florø). 4 tilsette jobbar i Rydd Norge Vestland sitt prosjekt med Solund, Askvoll og Stad som ryddeområde. Dei nyttar ein arbeidsbåt som har plass i kaianlegget her. På land står det 3 containere som huser det sorterte strandryddeavfallet. I tillegg har vi lager med tilgang på truck.

Skippar og leiar for Skjergardstenesta har kontor og kaiplass

til den praktiske 42 fot store arbeidskatamaranen med raudt skrog merka «Skjærgårdstjenesten» og ved navn «Arlene». Fartøyet gjer transportoppdrag av depot etter strandrydding, bistår Statens Naturoppsyn, hentar herrelause båtvrek, kan bistå med tiltaksutvikling i Skjergarden for friluftsliv. Den kan også ta transportoppdrag for både private og andre då den er utstyrt med kran, god dekksplass og nedfellbar bauglem.

Vår nyopprettet stilling som friluftsrådgjevar har også sin base her og den daglege leiinga og administrering av Friluftsrådet føregår her. Solund Brygge er eit moderne oppussa lokale med maritimt preg. Totalt har vi 3-4 kontorplassar, lunsj/møterom dusj og garderobe. Vi er nabo med Norsk Kystkulturakademi og er tett på Solund Kommune som bistår oss med rekneskapstenester.

Kom gjerne og besøk oss, og følg oss gjerne på sosiale media - eller undersøk vår nye webside www.fjordanefr.no



LYSFESTIVALEN 10 ÅR



Årets festivaltema er «TRANSITT» og dette er utgangspunkt for skule, barnehage, kulturskulen og musikkorps sine innslag, musiske og visuelle.

Å være i transitt er noko vi kan relatere til etter 2 år der vi alle har vore i ulike former for transitt.

Overgang attende til det «normale» synes for mange som krevjande. Ein finn kanskje nye strategiar for å tilpasse seg inn i kvardagen etter fleire år med uforutsigbar tilvære.

Vi kan reflektere over ulike overgangar, frå lys til mørke, frå kaldt til varmt, frå gult til rødt osv.

Vi inviterer kvart år lokale profesjonelle utøvarar til deltaking i eit musikkverkstad som resulterer i konsert(ar). I samband med den årlege lysfestivalen i Solund 10-13 november 2022 vert det arrangert konsert(ar), lys-vandring løype med kunstverk frå skule og barnehage, samt installasjonar langs løypa i regi av ALPS.

Det vert framsyning av lys-show og musikkalske innslag i området rund draumepllassen og det nye idrettsanlegget .

Solund Lyskunstfestival er ein del av ALPS (www.solundlys.com) sitt prosjektområde. Den vart i si tid etablert for å vere ein årlig møteplass mellom lys, kunst og design for å styrke kompetansen og bruk av lys og kunst i utforming av kunstobjekt og lokalsamfunn.

Prosjektet vil arrangere temasamlingar med fokus på lys i ulike samanhengar, om fenomenet og viktigheita av lys. Mørketida byr på gode høve til å samlast rundt eller i lys, for samtalar og tankar. Vêr, vind og mørke kan skape særeigne stemningar og rammer rundt tanke- og ordutveksling. Det skal vidareutviklast seminarprogram som tek vare på grunnfilosofien i prosjektet ved at publikum skal vere deltakrar og prege samtale og innhald med erfaringar og meininger.

Korleis kan lys nyttast for å skape aktivitet og opplevelingar, og samstundes engasjere både lokalsamfunn og andre som blir knytt til prosjektet? Festivalen og dei andre lys prosjekta skal forankrast i staden og innbyggjarane, og ha ein oppbyggande effekt i eit

langtidsperspektiv. Gjennom aktivering av lokalmiljøet, kan ein lage eit meir berekraftig og langsiktig prosjekt. Målet er at det skal gi både festivaloppleveling samtidig som permanente installasjonar kan være identitetsmarkørar for Solund kommune og Hardbakke sentrum.

Dette vil kunne generere ein synergieffekt.

Den årlige festivalen kan sette Solund på kartet i forhold til kunst, teknologi, energibedisst utvikling, natur- og kulturopplevelingar. Bredde i prosjektet vil kunne engasjere fleire fagmiljø, samt både eit lokalt og eit tilreisande publikum. I alle delane er det fokus på bærekraft i ressursbruk og utvikling, også i prosjektets eigen modell. Det skal byggjast opp ein varig verdi i Solund, basert på eksisterande ressursar som folk, mørke, historie, konglomerat, lys samarbeid med meir. Prosjektet kan sjåast på som eit innspel i diskusjonen om balansert vekst, organisk utvikling.

Ein ynskjer også å skape konkrete plattformer for diskurs omkring energi, miljø, klima og liv. Eksempel på prosjektets måte å ta samfunnsansvar på er lokale samarbeidspartnarar. Då med tanke på mat, transport, energieffektive løysningar som lokal arbeidskraft og matkultur, LED-belysning, seminar og temakveldar med representantar frå ulike fagmiljø.

Eit tett samarbeid med barnehage og skule rundt utforming og innehald av festivalområdet sikrar grunnfilosofien i prosjektet som er å famne det lokale og det globale, reduksjon og ekspansjon, tanke og handling.

Valet av mørketida som festivaltid er viktig. Det er i mørket lys har størst verking, både visuelt og mentalt. Majoriteten av festivalar i by og bygd skjer i sommar-halvåret. Med festivalen vil vi gi eit innhald til ei tid på året som elles er stille, men då det er eit like stort behov for møteplassar og aktivitetar.

Solund Lyskunstfestival vil bidra med eit langsiktig kulturperspektiv når vi prøver ut nye former for kunstproduksjon utanfor allfarveg. Velferdssamfunnet vårt er bygd opp av materielle og menneskelege ressursar som har sitt opphav i omland og basisnæringsane.

Korleis kan distrikta halde fram å være eit dynamisk energisenter, ikkje berre for materielle verdiar? Det er viktig å vise korleis kosmopolitiske uttrykk får ein særeigen kraft når det er forankra i lokal erfaring. 'LYS' er alt, underliggende for festivalen, men også for våre livsvilkår. Det er alt frå det vesle konkrete stearinlyset som blafrar, til sola som metafor for liv i kulturen vår. Det er solenegi og det er solterapi. Kva er lyssets verdi i relasjon til den verden vi lever i daglig?

(Transitt kjem fra italiensk transito, som i sin tur kjem fra latin transitus, som betyr 'gjennomgang' eller 'overgang', avleda av verbet transire ('gå, dra, reise gjennom', 'gå over', 'passere').



VI UTFØRER SKYSS OG CHARTEROPPDRA�!

M/S Stjernsund 28 passasjerer, marsjfart 23 knop · tlf: 977 95 989
M/S Sulejet 12 passasjerer, marsjfart 22 knop · tlf: 977 99 438

PARTSREDERIET SULEJET AS · Gåsvær · 6924 Hardbakke
Tlf: 992 74 220 · tfaer@online.no
Tlf: 992 74 099 · hansgasv@hotmail.com



GÅSVÆR FISKEFERIE

3 Utleige-einingar i restaurert bustadhús ved sjøen i særprega sjøhusmiljø. Båtutleige. Dagleg rutebåt til/frå Hardbakke.

Tlf: 992 989 75 · amarie-g@online.no
www.visitgaasvaer.no

BARSTEIN AS

M/S Barstein (lengde 14,99 m, bredd 5,50 m) driver fiske etter torsk, sild og makrell langs norskekysten.
4 årsverk

Gåsvær
6924 Hardbakke



sparebanken
sogn og fjordane

**Vi har kontordagar etter avtale i Solund
Kontakt våre rådgjevarar!**

Solveig Holsen

kunderådgjevar privatmarknad
948 07 653
solveig.holsen@ssf.no

Julie Vårdal Heggøy

ass. banksjef bedriftsmarknad
909 94 421
julie.heggoy@ssf.no

ssf.no

KRÅKESUNDET

- EIT HÅP OM VEG



På 60 og tidleg 70-talet budde det om lag eit 50-tals personar i Kråkesundet. Her var skulerute og postrute dagleg. - Ja, det kom til og med fiske-skøyter og henta både fisk og krabbe alt etter sesong, seier Bodil Stølsvik Herland, som er oppvachsen på øya Hugøy.

Det har alltid vore næringsaktivitet av folket her, og om ein går tilbake i tid finn ein at det har vore både butikk og rutebåtanløp. Fiskebåtar og småbruk med sauvar var det også. I seinare tid kom det smoltanlegg og taretråling.

Lovnad om veg frå Lending

På 80-talet blei det ein opptur og ny glød blant folket og ungdommen som var knytt til plassen. Det vart løyvd pengar til veg frå Lending via Hugøy, Buskøy og Færøy. Nedturen vart stor når midlane blei omdisponert til andre prosjekt i fylket.

Etterkvart blei det tomt i alle hus i Kråkesundet. Generasjonsskifte og hyttene nådde sundet, og husa blei stort sett brukt til påske, pinse og sommarferie.

Til tross for at det vart eit hytteparadis, var det eit yrende liv i sundet med både små og store båtar. Ei påskehelg kunne det fort vere mellom 50-60 personar i det idylliske sundet som ofte er brukt til gjennomreise av båtfolk.

Vekst i sundet igjen

Men for 4 år sidan skjedde det noko særskilt gledeleg. Då flytta det første paret, Alfheld og Olaf Steinsøy attende til barndomsrøtene til Olaf. Same året kom John Sigfred og Kristin Hugøy og busette seg på Bakarholmen, og 3 år seinare flytta også Bodil og Endre Herland tilbake til Bodil sin heim. Det har dermed vorte liv og røre i Kråkesundet heile året, og ikkje berre om sommaren og ved høgtider.

Bodil og Endre flytta frå Bergen til Solund sommaren 2021. Det vart ein overgang frå å ta bilen og køyre kva tid ein vil, til no å måtte bestille rutebåt til faste tider.

Når vi skal ut og reise i dag må vi planlegge det meir, men vart fort vant med det. Vi kunne ikke flytta til Kråkesundet om ikkje skyssbåten var her. Den er viktig for øyane i Nord Solund.

No jobbar Kråkesundet Vel med at vegen til Kråkesundet kjem opp att på prioriteringsslista til Solund kommune.

Vi har allereie møtt god velvilje frå administrasjonen i Solund kommune. Det vil også vere til stor hjelpe for Hersvikbygda som har mangel på både båt- og bilparkering. Ja, kanskje det freistar fleire til å komme å busette seg her nord, der sola går i havet.



NORSK KYSTKULTURAKADEMI AS

Norsk kystkulturakademi AS har formidling av kystkulturen som formål, og driv med både undervisning, landskapsforvaltning, guiding og reiseliv. I tillegg tek vi oppdrag og prosjektarbeid knytt til samfunns- og næringsutvikling.

«Vi er opptatt av kvalitet. Dette skal gjenspeilast i jobben vi gjer, slik at du som kunde vert nøgd».

Norsk kystkulturakademi AS vart stifta i 2011 og har sitt hovudsete i Solund. Bedriften har i dag 5 tilsette og en lærling. Vi har etablert ei eiga snekkeravdeling og er oppteken av bygningsvern og tradisjonshandverk. I fjor flytta vi inn i ny verkstadslokale sentralt plassert i hamna, der vi mellom anna lager møbler, innreiing til båtar og anna på bestilling.

I staben vår har vi fagfolk med utdanning og mesterbrev i både tømrar- og møbelsnekkarfaget, og vi har eit godt samarbeid med andre tradisjonshandverkarar i regionen som vi utvekslar erfaringar med.

- VI utførar det meste innan utvendig og innvendig tømrar- og snekkararbeid, og tek alle slag oppdrag, frå enkel oppussing, til meir omfattande rehabilitering og restaurering.
- VI er godkjent våtromsbedrift



FOTOUTSTILLINGAR

I SAMBAND MED SOLUNDDAGANE

Det vert opning av fotoutstilling på Skafferiet i samband med Solunddagane. Kunstnar og fotograf Luca Berti (Danmark) arbeider med eit utstillingsprosjekt om Sogn i samarbeid med Sogn Folkemuseum. Tidlegare har Berti samarbeida med ei rekke museum i Norge på liknande prosjekt. Prosjektet vil vere ein historisk fotodokumentasjon av kulturlandskap, tradisjonell arkitektur og menneske i Sogn.

Inspirasjon og gjennomføring av prosjektet

Luca Berti seier:

«Inspirert av norske fotografar som K. Knudsens, A.B. Wilse og Axel Lindhal, følgjer prosjektet den fotodokumentaristiske stilen frå starten av det 20. århundret, basert på estetisk realisme og historisk bevisstheit. Bileta vert teke med eit Linhof kamera og storformat 10 x 12 svart/kvitt.

Feltarbeidet foregår på sykkel og til fots. Dette sikrar, at eg kjem så tett på det lokale miljøet som muleg, og til at eg oppdagar landskapet på ein langsam og detaljert måte.»

Prosjektet er ein fotodokumentasjon frå alle kommunar i Sogn der det vert fotografert på ein etnografisk og kunstnarisk måte, det som framleis er av fiskar- og bondesamfunnet, samt det kulturelle mangfaldet i Sogn frå aust til vest. Dette omfattar tradisjonell arkitektur, bygder, gardar, kyrkjer, og spesielt menneske som bur og arbeider i desse samfunna, i deira kvarlagsomgjevnader. Fotoprosjektet vil resultere i ei fotoutstilling som kjem til Solund i samband med Solunddagane.

Workshop for elevar

Det er planlagt ein workshop med elevar ved Solund barne- og ungdomsskule leia av Luca Berti. Elevane får ein introduksjon av denne typen fotografi og skal reflektere rundt bruk av foto. Dei skal også ut å fotografare i bygda der dei får ulike tema å konsentrere seg om. Denne workshoppen skal resultere i ei

fotoutstilling som vert stilt ut saman med Luca Berti sine bilde på Skafferiet. Det vert opning av begge utstillingane på same tid

Opning av utstillingane

Fotoutstillingane opnar i veke 33 og den vil stå i om lag 4 veker. Det vil kome nærmare opplysningar om opningsdag når utstillinga nærmare seg.



Foto: Luca Berti



Hans I. Steinsund
Oppdrett av storfe og melkeproduksjonsforetak
 913 45 108



KORPSET FEIRAR STORT JUBILEUM I ÅR!

I år feirar Solund Skulemusikk heile 50 år. Siv Einen Paulsen, leiar i korpset, fortel at jubileumsåret vert rikt på høgdepunkt. Og det er allereie i full gang.

Året starta tungt med pandemi og smitte og elendigkeit. Trass i dette bestemte korpset seg for å gje full gass og øve inn eit program for fylkesmeisterskapet Nordvesten Sogn og Fjordane. Siv fortel at både musikantar og styre var svært usikre på om dei klarte å få dette i boks på så kort tid. Men heldigvis hadde dei svært ivrige dirigentar. Takka vere trioen Erlend, Thomas og Jostein fekk dei det til. Deira engasjement og glød «smitta» over på musikantane, som leverte så til

dei grader. Resultatet vart at dei etter ein gong kunne kalle seg fylkesmeistrar. Dette er ein imponerande innsats av eit korps med mange «førstereis» musikantar innan konkurransespeling.

Også juniorkorpset fekk prøve seg på scena. Etter ein lang dag vart det endeleg deira tur på Operahuset på Nordfjordeid. Gjengen hadde verkeleg sett inn støyten og øvd masse – så også dei laga ein flott konsert, med Erlend som dirigent.

Men det stoppa ikkje der. Helga etter Nordvesten vart det igjen full fart, då korpset tok imot besøk av Manger Musikklag. Dette vart ein minnerik dag, som byrja med øving og slutta med ein fantastisk konsert med mykje publikum

i salen. Dette meinte musikantane var like kjekt som å delta på Nordvesten, seier Siv. Klart det var inspirerande å høre på og spele ilag med eit korps i Europa-klassen.

Bremsa av pandemien

Mange sulingar har vore medlem i korpset, sete i styret eller støtta det som foreldre eller sponsorar dei siste 50 åra. Så ikkje ein gong pandemien greiddé å stoppe korpset: Trass i eit svært amputert folketog, vart det 17.mai-speling både i 2020 og 2021, seier Siv.

Ho kan likevel fortelje at det var ei krevjande tid når koronaen stod på som verst. Fleire arrangement vart avlyste i siste liten, så mykje nedlagt arbeid vart

fånyttes. Mange mista motivasjonen, og korpset krympa i tal medlemmar. Då var det ei god hjelpe å kunne ringe Amund Aglen hos Solund Kommune for å få råd og rettleiing.

I løpet av 2022 vil også Jostein Birknes avslutte sitt virke i korpset. No flyttar han til Tysnes, og då blir reisevegen til Solund for lang. Til no har han pendla mellom Bergen og Solund, så det er klart det har blitt mange timer i bil for Jostein. Men no då pendlinga nærmar seg slutten, får korpset forhåpentlegvis ein ny dirigent på plass frå hausten 2022. Det blir vemodig

at Jostein gir seg, men både han og korpset håper han kan komme tilbake på helgeøvingar når det passar.

Ser framover

I skrivande stund er korpset i full gang med planlegginga av ein svært så etterlengta utlandstur. Så når denne avisera er distribuert, har gjengen vore på tur til Danmark.

Og i oktober skal det haldast jubileumskonsert og show i idrettsbygget i Solund, med påfølgjande dans i grønnehuset. Siv håper mange tidlegare musikantar kjem

og hører på, og kanskje får høyre favorittstykke sitt der. Korpset har til og med fått med seg tidlegare medlemar og ein dirigent i planlegginga av jubileumskonserten. Så set av dato den 8. oktober 2022, oppmodar ho.

No er pandemien på hell, og Siv og korpset ser lyst på framtida. Dei har flotte ressursar i flinke og motiverte musikantar, eit svært engasjert styre, driftige og gode dirigentar, og eit stort støtteapparat av sponsorar og foreldre. Takka vere alle desse, er det berre å gratulere Solund Skulemusikk med 50 år. Hipp hipp, hurra!



Lat oss realisere din bustaddráum!

- Vi tilbyr:
- Hus og hytter frå Norgeshus
 - Eigen prosjekteringsteneste
 - Byggeleiing og prosjekteiing

NORGESHUS
Ryland Bygg

VIDAR HOP SKYSSBÅTER AS

BYGGJER NY BÅT

OG SATSAR PÅ TURISME

Å reise lengst vest i havet gjennom rå natur, levande øysamfunn og eit rikt dyreliv er ei oppleveling som sjølv vi som er oppvaksen i kommunen sett høgt. Difor er det alltid kjekt å få høve til å ta med seg turistar og lokale på denne spesielle opplevelinga saman med oss, seier Hans Kristian Hop.





For i sommar ønsker Vidar Hop Skyssbåter AS og Vener av Utvær å utvide Utværturane med to ekstra turar, frå ulike stader. Frå 18. juni - 13. august kan du bli med på Fyrsafari til Utvær 3 gonger i veka. På fredagar vil båten, med avgang frå Hardbakke, hente turistar frå Eivindvik og Skjerjehamn i tillegg.

Vi har hatt utruleg god respons på Fyrsafari til Utvær i mange år no. Difor ser vi potensiale i å kunne utvide turen med to ekstra turar i veka i sommarperioden juni - august.

Turane vil gå med båtane MS Solundir, MS Solundøy og det nye fartøyet MS Solund.

MS Solund er eit nybygg bygd hos Maritime Partner i Ålesund. Ein katamaran på 15 meter som er spesielt godt egna for bruk i kommunen. Båten har gode sjøeigenskapar, hendig størrelse og god komfort for dei 23 passasjerane som kan vere med. Salongen vil vere lys og romsleg, og båten vil ha store flotte vindauge slik at du får oppleve omgjevnadane på best mogleg måte. MS Solund er i tillegg utstyrt med ein krane og ein stor heis på akterdekket slik at det blir enklare å ta med gods og personar med nedsett funksjon ut til øyane.

Dette er vårt første fartøy bygd i aluminium, og vi kjem til å bruke fartøyet i lokalbåtrutane frå Hardbakke, i tillegg til fyrsafari onsdagar og øyhoppingstur til Buskøy på søndagar.

Turane kan du bestille på fjordkysten.no



Hurtigbåt og fergerederi med base i Solund der vi opererer samband fra Vestland til Nordland

www.vidarhop.no

Visste du at Enivest er best
i Norge andre året på rad?

- 🏅 Best på fast breiband*
- 🏅 Best på rask responstid*

*nPerf Speed Test H2 2020 – H1 2021



ENIVEST
Nett der du er

GRATIS UTEKONSERT PÅ SULEFISK MED ALICE




Foto: Privat, Alice K. Hugøy

Sulefisk inviterer tradisjon tru til gratis utekonsert fredagen før Solunddagen. 19. august 2022 opptrer årets artist Alice saman med sine bandmedlemmer på utescena ved Sulefisk sin landbase på Eide.

Bak artistnavnet Alice står Alice K. Hugøy. Hugøy er opprinnelig fra Florø, men har også tilknyting til og røter i Solund. Alice har drive med musikk så lenge ho kan hugse og er kjent frå mellom anna Norske Talenter (2012) og The Voice (2019). Sidan 2017 har Alice gitt ut eigen musikk og i dag studerer ho musikkterapi ved Griegakademiet i Bergen.

Tidspunkt for konsert blir annonseret på Sulefisk si Facebook-side.



LAKS FRÅ SOLUND



Velkommen til **SOLUND SENTER** på Hardbakke

Butikkar · Rekneskapskontor · Bank · Post · NAV · Tannlege · Naturterapi · Firda billag

ØYBYGG AS

tlf. 904 00 960

Trelast, jernvare, interiør, maling,
fiskeutstyr, byggevarer

SPAR SOLUND

tlf. 57 78 71 17

Daglegvare, tipping, bensin, blomster

GJENBRUKET

tlf. 412 43 087

Gjenbruksbutikk og kafé

HAVTAL AS

tlf. 57 78 60 00

Rekneskap

SOLUND NATURTERAPI

tlf. 957 46 313

RØRLEgger VVS RUNE BERGE

tlf. 48 86 59 10

Turistinformasjonen finn du på -Gjenbruket – Tlf. 908 82 860
Trådlaust internett på næringscafèen!

Solund frivilligsentral, BUA og Visit FjordKysten.

SOLUND SENTER